

## Utdrag frå planskildring:

### Etter utlegging til offentleg ettersyn i perioden 08.06.09 til 31.07.09

Kort samandrag og kommentar til innkomne merknadar, totalt 7 stk.:

#### Kystverket, brev datert 16.06.2009

- Innspel ved oppstart er med i føresegner – ingen merknadar.

#### Kvinnherad Kommune – Helse og Rehabilitering, brev datert 11.06.2009

- Ingen merknadar.

#### Kvinnherad Kommune – Rådet for funksjonshemma, brev datert 10.08.2009

- Ingen merknadar.

#### Kvinnherad Kommune – Kvinnherad eldreråd, 10.08.2009

- Ingen merknadar.

#### Statens Vegvesen, brev datert 18.06.2009

- Ingen merknadar.

#### Fiskeridirektoratet, Region vest, brev datert 18.06.2009

- Innsendte innspel, brev datert 01.04.2009, var ikkje komen med i skildring til utlegging til offentleg ettersyn.
- Ingen merknadar.

#### Kommentar:

I brev bes det om at det tas hensyn til akvakultur og låssetting i området. I føresegner til planforslaget vert det nemt spesielt at sprengning i området ikkje er tillate slik at innspelet er ivaretatt.

#### Fylkesmannen i Hordaland, brev datert 21.08.2009

- Merknadar:
  1. Universell utforming skaper ”tyngre” utbygging, må takast ut av føresegner.
  2. Planen er i strid med den nasjonale strandsonpolitikken. Ikkje grunnlag for å etablera fleire fritidsbustadar på blokkebærholmen.
  3. Opnar for utviding av eksisterande fritidsbustad forutsatt at dette ikkje skjer på sjøsida av bygget.
  4. Straum kan ikkje førast i luftspenn, korkje til eller på øya.

#### Kommentar:

For å kome imøtekome motsegna har det vore dialog/møter mellom kommune/Fylkesmann og konsulent/kommune. Plan er i tråd med gjeldande overordna plan for Kvinnherad kommune.

Me har i revidert utgåve av føresegner og skildring endra størrelse på fritidsbustadar og uthus/anneks er teke ut av plan. Bygging av terrassar vert tillate med størrelse på maks 15m<sup>2</sup> og med høyde på maks 0.5m over terreng på nye fritidsbustadar. I føresegner er det lagt inn krav om at straum ikkje skal førast fram i luftspenn.

Saksgang mellom partar har forløpt slik:

- 10.09.2009. Brev frå Kvinnherad kommune med ynskje om merknadshandsaming. Motsegn var fremja frå Fylkesmannen i brev datert 21.08.2009.
- 23.10.2009. Møte med Kvinnherad kommune angående kontakt/møte han hadde hatt med Fylkesmannen i Bergen kor føringar for det vidare arbeid vart gitt. Ein del av desse krava fann me urimelege da bebyggelsesplanen er i samsvar med kommuneplan for Halsnøy.
- 19.01.2010. Kvinnherad kommune inviterer til møte på Husnestunet for gjennomgang av bebyggelsesplanen med konsulent/tiltakshavar og politiker frå forvaltningskomiteen. Her vert felles føringar mellom Kvinnherad kommune og tiltakshavar for bebyggelsesplanen klarlagt og det vart enighet mellom kommune/utbyggjar for kva me skulle endra på for å imøtekome motsegna.
- 16.02.2010. Brev frå Kvinnherad kommune til Fylkesmannen med forslag til endringar som kan gjera at motsegn vert trekt.
- 19.02.2010. Fylkesmannen ber om å få tilsendt reviderte føresegner for å kunne realitetsbehandle sak. Meiner fleire positive grep er gjort.
- 15.03.2010. Brev frå Kvinnherad kommune til Fylkesmannen kor dei ber om at motsegn vert trekt.
- 19.03.2010. Brev frå Kvinnherad kommune med epost frå Fylkesmannen kor dei ber oss kvalitetssikre planen slik at den er vert eintydig.
- 24.03.2010. Brev frå Kvinnherad kommune til Fylkesmannen med oppdatert plangrunnlag. Ber om at motsegn vert trekt.
- 16.04.2010. Fylkesmannen trekkjer motsegna.

# Vedlegg

**INNKOMNE MERKNADAR ETTER UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I  
PERIODEN 04.06.09 TIL 31.07.09.**



**KYSTVERKET**  
VEST

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

KVINNHERAD KOMMUNE	
19 JUNI 2009	
Arkivsaknr. 08/4440	no
Arkivkode P	IBC
Arkivkode S	1001

Dykkar ref 2008/4440	Vår ref 09/01049-5	Arkiv nr 413.2	Saksbehandlar Johan Sørensen	Dato 16.6.2009
-------------------------	-----------------------	-------------------	---------------------------------	-------------------

**Uttale - Offentlig ettersyn av bebyggelsesplan - Gnr 196 bnr 48 - Blokkebærholmen -  
Kvinnherad kommune - Hordaland fylke**

Vi viser til brev av 4. juni 2009. .

Dei innspel vi gav i vårt brev av 30. mars 2009 i samband med oppstartmeldinga av planen er tatt til følgje, og merknadene er innarbeida i reguleringsføresegnene.

Vi har ikkje ytterlegare merknader til planframlegget.

Med helsing

Johan Sørensen  
Fung. avdelingssjef

Per Øyvind Bru  
rådgjevar

Kopi til: Hordaland fylkeskommune/ postboks 7900 5020 BERGEN  
Fiskeridirektoratet Region Vest/ Postboks 185 Sentrum 5804 BERGEN

**KYSTVERKET VEST - PLAN- OG KYSTFORVALTNINGSAVDELINGEN**

Sentral postadresse: Kystverket, Serviceboks 2, 6025 ÅLESUND	Telefon: +47 07847 Telefaks: +47 70 23 10 08	Internett: www.kystverket.no E-post: post@kystverket.no
---	---	--

Besøksadr.: Flathauggt. 12, HAUGESUND	Telefon: +47 07847 Telefaks: +47 52 73 32 01	Bankgiro: 7694 05 08890 Org.Nr.: NO 970 552 626
---------------------------------------	---	--

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson



## Kvinnherad kommune

Helse og rehabilitering  
Miljøretta helsevern

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL  
Tel: 53483100  
Fax: 53483130  
Org. nr: 964 967 636  
Bankgiro: 3460.07.00083  
post@kvinnherad.kommune.no  
www.kvinnherad.kommune.no

Ingo Bewer

Saksbehandlar  
Knut Evjen

Tlf. direkte innval  
53483236

Vår ref.  
2009/1267

Dykkar ref.

Dato  
11.06.2009

### Uttale - bebyggelsesplan - 196/48 - Blokkebærholmen - Halsnøy - Lars Kåre Sjø

Vi syner til brev datert 04.06.2009 vedkommande ovanfornemde planarbeid.

Det blir opplyst i brevet at føremålet med bebyggelsesplanen er å legge til rette for byggeområde med hytter, landbruksområde, friområde i sjø- og vassdrag, trafikkområde i sjø- og vassdrag, felles grøntareal og privat småbåthamn.

Miljøretta helsevern har ingen merknader til bebyggelsesplanen. Vi viser til vår uttale - oppstart av bebyggelseplan for Blokkebærholmen datert 26.03.2009, ePhorte sak 2009/1267-1.

Med helsing

Oddvar Larsen  
kommuneoverlege

Knut Evjen  
ingeniør

Kvinnherad kommune  
*-felleskap og trivsel –utvikling og vekst*

Rådet for funksjonshemma har ingen merknad til nemnte plan.

Med helsing, for  
Rådet for funksjonshemma  
Sverre Vevelstad (sekr.)

**Kvinnherad eldreråd har ingen merknader til nemnte planforslag.**

Med helsing  
Kvinnherad eldreråd  
v/leiar Magnus Normann



Statens vegvesen

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

KVINNHERAD KOMMUNE	
23 JUNI 2009	
Arkivsaknr. 08/4440	Dok. nr.
Arkivkode P	Saks. tittel
Arkivkode S	Kopi

Behandlande eining:  
Region vest  
Voss og Hardanger distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr.  
Per Steinar Nedkvitne - 56520268

Vår referanse:  
2009/053253-004

Dykkar referanse:  
2008/4440

Vår dato:  
18.06.2009

**Offentleg ettersyn av bebyggelsesplan for Blokkebærholmen - gnr. 196 bnr. 48 - Halsnøy - Kvinnherad kommune - Vår uttale**

Viser til dykkar oversending datert 04.06.2009.

Statens vegvesen har fått oversend bebyggelseplan til uttale. Statens vegvesen kan ikkje sjå at våre anlegg (vegar) ha innverknad på planen. Tiltaka vil krevja tilkomst med båt.

Voss og Hardanger distrikt  
Med helsing

*Lars Øyre*  
for  
Lars Øyre  
seksjonsleiar

*Per Steinar Nedkvitne*  
Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv., Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5700 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



FISKERIDIREKTORATET  
Region Vest

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Att:

KVINNHERAD KOMMUNE	
23 JUNI 2009	
Arkivsaksnr	08/4440
Arkivkode P	
Arkivkode S	
lok nr	
Saks beh.	
Kopli	

Sakshandsamar: Ingerid Bjørkevoll  
Telefon: 91393269  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 09/9283 -6  
Dykkar referanse: 2008/4440  
Vår dato: 18.06.2009  
Dykkar dato: 04.06.2009

**KVINNHERAD KOMMUNE HORDALAND - REGULERINGSPLAN FOR  
BLOKKEBÆRHOLMEN GNR196 BNR48 - UTTALE**

Syner til brev av 04.06.2009 om privat bygningsplan for Blokkebærholmen ved Halsnøy i Kvinnherad kommune.

Uttalen frå Fiskeridirektoratet Region Vest til oppstartsmeldinga har ikkje kome med i oversikten over innkomne kommentarar i planskildringa. I telefonsamtale med Byggservice AS den 18.06.2009 vart det opplyst om at vår uttale blir tatt inn i planskildringa. Fiskeridirektoratet Region Vest ser seg nøgde med dette.

I same telefonsamtale vart det opplyst om at det ikkje vert sprenging i planområdet, og vi har derfor ingen vidare kommentarar til planen.

Med helsing

*for* *Ola Midttun*  
Kari Morvik  
seksjonssjef

*Ingerid Bjørkevoll*  
Ingerid Bjørkevoll  
rådgiver

Postadresse: Postboks 185 Sentrum 5804 BERGEN  
Organisasjonsnr: 971 203 420

Besøksadresse: Gate 1 nr 60  
E-postadresse: post/mottak@fiskeridir.no

Telefon: 03495      Telefaks: 57850494  
Internett: www.fiskeridir.no

**Kopi til:**  
Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Kystverket Vest

Plan- og  
Kystforvaltningsavdelin  
gen

6025 ÅLESUND



FISKERIDIREKTORATET  
Region Vest



Byggservice AS

5452 SANDVOLL

Att:

Sakshandsamar: Ingerid Bjørkevoll  
Telefon: 91393269  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 09/9283 -2  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 01.04.2009  
Dykkar dato: 18.03.2009

**KVINNHERAD KOMMUNE - HORDALAND - REGULERINGSPLAN FOR  
BLOKKEBÆRHOLMEN GNR196 BNR48 - MELDING OM OPPSTART**

Viser til brev av 18.03.2009 om melding om oppstart av planarbeid på Blokkebærholmen i Kvinnherad kommune.

Ved Skothelleneset er der ein låssettingsplass og sør for planområdet er der to akvakulturlokaliteter for torsk. Fisk i merdar og steng er sårbare for sprengingar, og Fiskeridirektoratet Region Vest vil derfor be om at det vert tatt omsyn til akvakultur og låssetting i området ved eventuelle sprengingar.

Fiskeridirektoratet Region Vest har på det noverande tidspunkt ingen andre merknadar. Vi vil be om å få planforslag på høyring.

Med helsing

  
Kari Morvik  
seksjonssjef



  
Ingerid Bjørkevoll  
rådgiver

Postadresse: Postboks 185 Sentrum 5804 BERGEN  
Organisasjonsnr: 971 203 420

Besøksadresse: Gate 1 nr 60  
E-postadresse: postmottak@fiskeridir.no

Telefon: 03495      Telefaks: 57850494  
Internett: www.fiskeridir.no

**Kopi til:**  
Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Kystverket Vest

Plan- og 6025 ÅLESUND  
Kystforvaltningsavdelin  
gen



**Fylkesmannen i  
Hordaland**

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anja Wannag, 55 57 22 25

24 AUG 2009

Vår referanse  
2009/3788 421.4  
Dykkar referanse  
08/4440

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen  
5470 Rosendal

KVINNHERAD KOMMUNE	
24 AUG. 2009	
Arkivsaknr. 10 2008/440	Dok. nr.
Arkivkode P	Saks. beh. 13E
Arkivkode S	Kopi:

Dykkar dato  
04.06.2009

**Kvinnherad – Uttale til framlegg til bebyggelsesplan for gnr 196 / Bnr 48 -  
Blokkebærholmen**

Vi viser til dykkar brev den 10.06.09 der bebyggelsesplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Vi viser òg til uttalen vår til oppstartsmeldinga den 17.04.09 og til avtalen om utsetting med svarfristen til den 21.08.09.

I den nyleg vedtekte kommunedelplanen for Halsnøy er arealet vist som nytt byggeområde for fritidsbustader og Inf-område, friluftsområde i sjø og vassareal for ålmenn fleirbruk.

Byggeområdet ligg på vestsida Blokkebærholmen, som er på om lag 7 mål, midt i eit område med særskilte friluftskvalitetar der det er svært lite inngrep frå før. Det ligg ei hytte på holmen frå før. Denne hytta er på drygt 40 m<sup>2</sup> og har terrasse og eit lite uthus. Avgrensinga til byggeområdet er i bebyggelsesplanen endra noko i høve til eksisterande kommunedelplan, og er meint å sikre ei landskapsmessig betre plassering av tomtene.

Framlegget til bebyggelsesplan opnar for bygging av to nye fritidsbustader med uthus samt utviding av eksisterande fritidsbustad, uthus og brygge. Bygge/tomtegrensene ligg mindre enn 10 m frå sjø, og det er lagt opp til nær dobling av storleiken på hytter og uthus. Planen opnar for tilrettelegging for straum vatn og avlaup og set krav om universell utforming, desse tiltaka/krava vil òg bidra til å gjere utbygginga "tyngre". Strandsona vert privatisert med fellesområde.

I uttalen vår til oppstartsmeldinga viste vi til innskjerpinga i strandsonevernet dei siste åra. Med ny plandel til plan- og bygningslova er strandsonevernet ytterlegare skjerpa. Vi framheva at det er viktig at planarbeidet ikkje legg opp til utbygging med uheldig privatiserande verknad i strandsona eller område som grensar til byggeområdet. Vi kan ikkje sjå at ein i planen i tilstrekkeleg grad tek omsyn til dette. Utbygginga er visualisert på ein stillisert måte, som ikkje får fram korleis utbygginga vil visast i landskapet, men av sjølve planen går det som nemnt fram at ein legg opp til utbygging svært nær sjø.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at planen tek tilstrekkeleg grep for å sikre at utbygginga ikkje kjem i konflikt med nasjonale interesser knytt til strandsona. På dette grunnlaget fremjar fylkesmannen **motsegn** mot planframlegget. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å etablere fleire fritidsbustader på Blokkebærholmen, slik bebyggelsesplanen legg opp til, då dette vil vere i strid med den nasjonale strandsonopolitikken.

Statens hus  
Kaigaten 9, 5020 Bergen  
Telefon: 55 57 20 00  
Telefaks: 55 57 20 09

Miljøvernavdelinga  
Postboks 7310, 5020 Bergen  
Telefaks:  
Org.nr: 974760685

E-post:  
postmottak@fmho.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/hordaland

På bakgrunn av at arealet er byggeområde i gjeldande kommuneplan bør ein likevel kunne opne for utviding av eksisterande bygg slik planen legg opp til, føresett at utvidinga ikkje kjem på sjøsida av bygga. Byggegrensa må sålcis bli trekt vekk frå sjø. Vidare må føresegnene gjerast eintydige når det gjeld storleik på terrasse og fargebruk.

Krava om universell utforming må takast ut av føresegnene. I ei sak som denne vil omsynet til landskap og krav om skånsam utbygging vege tyngst. Då er det lite ønskjeleg å innarbeide krav om ytterlegare inngrep i form av universell utforming. Når det gjeld ilandføring av straum må det leggjast inn eit krav i føresegnene om at straum ikkje kan førast fram i luftspenn, korkje til eller på øya.

Landareal som ikkje er byggeområde må synest som spesialområde friluftsområde. Privat småbåthamn må bli redusert slik at det høver for to båtplassar. Sjøarealet elles bør vere friluftsområde i sjø.

Når dette er retta opp vil fylkesmannen kunne vurdere om motsegna kan bli trekt.

Med helsing

  
Svein Alsaker  
fylkesmann

Anniken Friis  
fung. seksjonsleiar



Kopi: Hordaland fylkeskommune, kommunesamarbeid





## Kvinnherad kommune

Rådmannen  
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083


post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga  
Postboks 7310

5020 Bergen

Kopi



Saksbehandlar  
Tormod Fosheim

Tlf. direkte innval  
53483266

Vår ref.  
2008/4440

Dykkar ref.  
2009/3788  
421.4

Dato  
16.02.2010

### Vedkjem bebyggelsesplan 196/48 - Blokkebærholmen - Halsnøy - Lars Kåre Sjo

Viser til uttale til bebyggelsesplan for Blokkebærholmen dagsett 21.08.09 der Fylkesmannen i Hordaland fremjar motsegn mot planframlegget grunngjeve med at planen eri konflikt med nasjonale interesser knytte til strandsona.

Kvinnherad kommunen viser til utgreiinga nedanfor og bed om at Fylkesmannen i Hordaland trekkjer motsegna.

**Tiltakshavar:** Lars Kåre Sjo

**Planen er utarbeidd av:** Byggservice A/S v/Ronny Sjo.

#### Planhistorikk

- Bebyggelsesplanen er heimla i kommunedelplan for Halsnøyområdet endeleg godkjent av Kvinnherad kommunestyre 18.12.2008 der planområdet er vist som F12 med føresegner om bebyggelsesplan og utbygging med 2 mogeleg nye fritidseiningar.
- Vedtak om oppstart Kvinnherad forvaltningskomite: 25.02.09
- Oppstart kunngjort 18. – 21.03.09. Frist for merknader 30 dagar.
- Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn i Kvinnherad forvaltningskomite den 13.05.09
- Utlegging til offentleg ettersyn 04.06.09 med frist for uttale 31.07.09.
- Motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga.

#### Om planen

Planskildring for prosjektet Blokkebærholmen dagsett 23.04.09 gjev god greie for intensjonane med planen:

- Området rundt fritidsbustadane er vist som byggeområde, fritidsbebyggelse. Resten av øya som felles grøntareal og LNF. Sjøområde er vist som Friområde i sjø og vassdrag og

Kvinnherad kommune

*-felleskap og trivsel –utvikling og vekst*

Trafikkområde i sjø og vassdrag. Eit utvida flytebryggeanlegg er vist som privat småbåthamn.

- I dag er det ei hytte på 40m<sup>2</sup> og uthus på 12m<sup>2</sup> samt flytebrygge for tilkomst.
- Planforslaget legg til rettes for 3 fritidsbustader med tilleten TBRA 80m<sup>2</sup>, bod/anneks med tillete TBRA 25m<sup>2</sup> samt utvendige terrassar utan avgrensing i areal.
- Det kan leggjast fram vatn, avløp og straum til fritidsbustadane på ein skånsom måte utan store inngrep i naturen.
- Planen forutset også at området vert opparbeid i tråd med prinsippa om universell utforming.

#### Om motsegna

Følgjande punkt vert fremja:

- Bygge/tomtegrensene ligg mindre enn 10 m frå sjø, og det er lagt opp til nær dobling av storleiken på hytter og hus. Strandsona vert i tillegg privatisert med fellesområde.
- Planen opnar for tilrettelegging for straum, vatn og avløp og set krav om universell utforming noko som vil gjera utbygginga tyngre.
- Det vil vera i strid med nasjonal strandsonopolitikk å etablere fleire fritidsbustader på Bløkkebærholmen, men eksisterande hytte kan på vilkår utvidast.
- Privat småbåthamn må reduserast slik at det berre vert høve til 2 båtplassar.


#### Føreslegne endringar av planen

Kommunen hadde den 09.02.10 møte med utbyggjar og konsulent og vart einige om følgjande:

- 3 fritidseiningar på øya er i tråd med kommuneplanen. Vurderingane om tal hytter i høve til nasjonal strandsonopolitikk vart gjort i den samanheng. Å reisa diskusjonen no meiner vi er omkamp, og det undergrev tilliten vi prøver å innarbeida hos innbyggjarane til planverket.
- Vi er samde med fylkesmannen i at arealformålet *Utbyggingsområde, fritidshus og Fellesområdet, felles grøntareal* kan verka privatiserande. I den nye planforslaget er difor berre sjølve bygningskroppen vist som *Utbyggingsområde, fritidshus*. Området rundt vert vist som *Friluftsområde*. Fritidshusa er freista plassert slik i terrenget at det vert minst mogleg terrenginngrep, og vert liggjande ca 10 m frå sjøen.
- Vi er også samd med fylkesmannen i at store bygningsflater gjer det vanskelegare å få god terrengtilpassing. Tillete areal er difor minka til 70m<sup>2</sup> TBRA, og uthus/anneks er teke ut av planen. Terrasse skal plasserast i terreng, maks 0,5 m over, og maks 15m<sup>2</sup> stor.
- Sjøområdet er endra til *Friområde i sjø og vassdrag* unnateke området som er sett av til *Privat småbåthamn*.
- Utbyggjar er ikkje interessert i at hyttene skal verta eigne matrikkeleiningar. Området skal vera felleseige.
- Det vert ikkje tillete med innlagt vatn.
- Bryggja vert dimensjonert for 1 båt pr eining + 1 gjesteplass => 4 båtplassar.

Side 3

Med helsing



Tormod Fosheim  
verksemdsleiar

Vedlegg Nytt plankart

Kopi til:  
Byggservice AS  
Lars Kåre Sjø

Kvinnherad kommune  
*-felleskap og trivsel – utvikling og vekst*

Viser til dykkar brev motteke den 16.02.10. Dykkar ref: 2008/4440. Vår ref: 09/3788.  
Vi ser at det er gjort fleire positive grep med planen. For at vi skal kunne realitetsbehandle saka treng vi dei reviderte føresegnene. Vi legg opp til rask handsaming av saka.

mvh  
Anja Wannag  
rådgjevar  
miljøvernavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland



**Kvinnherad kommune**  
Rådmannen  
Samfunnsutvikling

**Rosendalsvegen 10**  
5470 ROSENDAL  
Tel: 53483100  
Fax: 53483130  
Org. nr: 964 967 636  
Bankgiro: 3460.07.00083  
post@kvinnherad.kommune.no  
www.kvinnherad.kommune.no

Byggservice AS v\Ronny Sjo

5452 SANDVOLL

Saksbehandlar  
Ingo Bewer

Tlf. direkte innval  
53483323

Vår ref.  
2008/4440

Dykkar ref.

Dato  
19.03.2010

**Brev frå Fylkesmannen - miljøvernasvdelinga i.h.t. reguleringsplan -  
196/48 - Blokkebærholmen - Halsnøy - Lars Kåre Sjo**

Vi visar til notat frå Fylkesmannen – miljøvernsvdelinga mottatt den 18.03.10.

Vi ber Byggservice AS å rette opp planframlegget i.h.t. Fylkesmannen sine merknader!

Med venleg helsing

Ingo Bewer  
saksbehandlar

Kvinnherad kommune  
*-fellesskap og trivsel –utvikling og vekst*

Viser til brevet dykkar 14.03.10. Dykkar referanse: 08/4440. Vår referanse 09/3788.

Vi registrerer at det er teke fleire grep for å imøtekomme motsegna. Dessverre kan vi ikkje realitetshandsame spørsmålet om trekking av motsegn før planen er kvalitetssikra slik at han juridisk sett er eintydig:

Det er ikkje samsvar mellom plankart/ teiknforklaring/føresegner. Dei elementa som er teke ut av tidlegare plankart må òg takast ut av teiknforklaring/føresegner. Dette gjeld t.d. felles grøntareal og LNF (det er ikkje høve til å regulere til LNF). Lengde på flytebrygga er korta inn på plankartet medan føresegnene ikkje er endra (Kva er meint her?).

Vi ber om at planframlegget vert retta opp. Så snart dette er gjort vil vi kunne handsame spørsmålet dykkar.

Med helsing  
Anja Wannag  
rådgjevar  
Fylkesmannen i Hordaland



**Kvinnherad kommune**  
Rådmannen  
Samfunnsutvikling

**Rosendalsvegen 10**  
5470 ROSENDAL  
Tel: 53483100  
Fax: 53483130  
Org. nr: 964 967 636  
Bankgiro: 3460.07.00083  
post@kvinnherad.kommune.no  
www.kvinnherad.kommune.no

Byggservice AS v\Ronny Sjo

5452 SANDVOLL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Ingo Bewer	53483323	2008/4440-34		21.04.2010

### **Ynskje om merknadshandsaming av reguleringsplan - 196/48 - Blokkebærholmen - Halsnøy - Lars Kåre Sjo**

Visar til vårt brev frå den 10.09.09 med ynskje om merknadshandsaming og Fylkesmannen sitt brev mottatt den 16.04.10 (vedlagd).

Plankontoret på verksemd for samfunnsutvikling / Kvinnherad kommune ynskjer at Byggservice AS tar stilling til innkomne merknader, går i dialog og prøver å samordna privatrettslege forhold mellom samtlege grunneigar, diskuterer vidare framgang med administrasjonen i Kvinnherad kommune og sender den reviderte planen + føresegner eventuelt tilbake til oss.

Med venleg helsing

Ingo Bewer

arealplanleggjar

Kvinnherad kommune  
*-fellesskap og trivsel –utvikling og vekst*



**Fylkesmannen i  
Hordaland**

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anja Wannag, 55 57 22 25

Vår dato  
15 APR 2010

Vår referanse  
2009/3788 421.4  
Dykkar referanse

KVINNHHERAD KOMMUNE	
20 APR. 2010	
Arkivsaknr. 08/4440	Bok nr.
Arkivkode P	Saks beh.
Arkivkode S	Kopi:

Kvinnherad kommune  
Rådhuset  
5470 Rosendal

**Trekking av motsegn mot reguleringsplan for Blokkebærholmen**


Vi viser til brev frå dykk den 24.03.10, med kvalitetssikra planframlegg for gnr 196 bnr 48 på Blokkebærholmen. Vi viser òg til e-postar frå oss den 18.03.10 og 19.02.10.

Planframlegget er no justert, og det er teke fleire positive grep for å imøtekome motsegna, mellom anna er storleik og omfang av framtidig utbygging redusert, det er lagt til byggegrenser og ein har teke ut fellesområda.

Etter å ha vurdert saka på nytt i lys av dei nye endringane i planen, historikken til saka og retningslinene til kommunedelplanen for Halsnøy, trekkjer Fylkesmannen motsegna som vart fremja den 21.08.09.

Med helsing

  
Egil Hauge e.f.  
seksjonsleiar

  
Anja Wannag  
rådgjevar

Kopi: Hordaland fylkeskommune, kommunesamarbeid

Statens hus  
Kaigaten 9, 5020 Bergen  
Telefon: 55 57 20 00  
Telefaks: 55 57 20 09

Miljøvernavdelinga  
Postboks 7310, 5020 Bergen  
Telefaks:  
Org.nr. 974760665

E-post:  
postmottak@fmho.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/hordaland